



Kom og høyr GLIMRAH i Helgheim 24. juni kl. 19.

**Uskedalen.no minner om GLIMRAH Vokalensemble sin Midtsumarskonsert» i Helgheim i morgon, søndag 24. juni kl. 19. Koret tek imot publikum med blomsterkransar i håret, glittrande tonar og nykocht kaffi med sommarkake til. Serveringa er inkludert i billetten. Det vart LODDSAL med gøyale gevinstar.**

Kveldens gjester er Tiril Eirunn Einarsdotter på fiolin, Rebakka Attramadale på klaver og song og 4. er –banden. Den syngjande kvartetten består av: Lars Henrik Skogtun, Oscar Langballe, Svein Rimestad og Kåre Vetthus.

Programmet er variert og fylt med sumarklanger. Me byr mellom anna på folketonar, renessansemusikk, romantiske tonar og noko nyskriven musikk.

GLIMRAH vokalensemble består av:

Gjertrud Sydnes Furdal  
Lene Bernhardsen Taranger  
Ingvild Toskedal  
Maria Malmsten ( kunstnarleg leiar )  
Renate Koløy  
Lina Frimannslund Storegjerde  
Hallgjerd Hegland

GLIMRAH har sunge saman i 2 ½ år. 6 av kvinnene bur ulike plassar i Kvinnherad og eg, Maria bur på Stord. Me øver eit par gonger i månaden, øvingar fylt av kreativ glede. Me har sunge rundt om i Sunnhordland og i Hardanger.

Repertoaret består av profan og sakral musikk og spenner frå rensesansetonar, via folkemusikk , romantisk musikk og til samtidsmusikk.  
Me syng for det meste a capella men til denne konserten har me glede av å få akkompangemang av Rebekka Attramadal på noko av repertoaret.

Hjarteleg velkomne.

Tekst: Maria Malmsten/ Kristian Bringedal  
Foto: Eirik Sverdrup  
Nett: Kristian Bringedal